

Strategi 2006–2011



HAVFORSKNINGSINSTITUTTET
INSTITUTE OF MARINE RESEARCH

VISJON

Kunnskap og råd for rike og reine hav- og kystområde.

AMBISJON

Vi skal være internasjonalt leiande innan marin forskning og rådgiving.

VERDIAR

Alt vårt arbeid skal byggje på integritet, skaparglede, samspel og respekt.

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET er eit nasjonalt, rådgivande forskingsinstitutt, eigd av Fiskeri- og kystdepartementet. Instituttet driv forskning og rådgiving knytt til marine økosystem og akvakultur.

Havforskningsinstituttet er det største marine forskingsmiljøet i Noreg. Instituttet har ein høgt kvalifisert vitenskapleg stab, høgteknologiske forskingsstasjonar og laboratorium i Austevoll, Bergen, Flødevigen og Matre, avdeling i Tromsø og fleire forskingsfartøy. Instituttet har hovudkontor i Bergen.

Havforskningsinstituttet sitt hovudansvar er å levere råd til styresmakter, samfunn og næring i spørsmål knytt til økosystema i Barentshavet, Norskehavet, Nordsjøen, den norske kystsona og innan akvakultur. Instituttet har ein stor bistandsretta aktivitet gjennom Fiskerifagleg senter for utviklingssamarbeid.

Forskning og råd frå Havforskningsinstituttet skal vere med og leggje grunnlaget for at samfunnet også i framtida skal kunne hauste av dei store verdiane i havet og på kysten.

Havforskningsinstituttet skal

vidareutvikle langsiktig grunnleggjande forskning som basis for operasjonelle mål for reint, rikt og produktivt hav, berekraftig verdiskaping og sameksistens mellom marine næringar og andre brukarar av hav og kyst.



Arbeidet med bestandsmodellering og kunnskap om interaksjonane i økosystema skal styrkast.


Arbeidet med metodeutvikling som grunnlag for forskning og rådgiving skal styrkast.

Havforskningsinstituttet skal

overvake og forske på økosystem og klimautvikling og bidra til å utvikle ein heilskapleg strategi for langsiktig optimal utnytting av havets ressursar.

Forskning på og overvaking av endringar i havklimaet skal ha høg prioritet.






Havforskningsinstituttet skal

utvikle kunnskap og produksjonsmetodar for berekraftig og miljøvenleg akvakultur som møter krava til helse og velferd hos fisken.

Det skal vere grunnlag for å søkje om Senter for framifrå forskning innafor alle instituttet sine strategiske satsingsområde.

Havforskningsinstituttet skal

ta vare på og utvikle nødvendig infrastruktur for ei god forskingsbasert ressursforvaltning.



Havforskningsinstituttet skal til ei kvar tid ha ein moderne og relevant infrastruktur for forskning og rådgiving på høgt nivå.



Samarbeid

Andre institusjonar, både nasjonale og internasjonale, skal trekkjast med i instituttet sitt arbeid. God forskning skal gjere instituttet til eit naturleg val som norsk partner og representant internasjonalt.

Havforskningsinstituttet skal ha ein omfattande internasjonal aktivitet og ta aktivt del i relevante internasjonale prosessar. Dei nære banda til Russland, EU, USA og Canada skal vidareutviklast.

Kunnskapsdeling

Det skal produserast fleire og betre vitenskaplege artiklar som skal publiserast i tidsskrift med stort gjennomslag.

God og målretta kommunikasjon skal styrke, vidareutvikle og skape forståing for instituttet sin leiande posisjon innafor prioriterte forskingsområde.

Personalpolitikk

Ein arbeidsstokk i verdensklasse skal utviklast, verdsetjast og haldast ved like.

Instituttet skal rekruttere nasjonalt og internasjonalt innafor sine strategiske satsingsområde.

G.O. SARS
Byggjeår: 2003
4067 brt.
77,5 m



JOHAN HJORT
Byggjeår: 1990
1828 brt.
64,4 m



G.M. DANNEVIG
Byggjeår: 1979
171 brt.
27,9 m



HÅKON MOSBY
Byggjeår: 1980
701 brt.
47,2 m
Eigar: HI/UiB



DR. FRIDTJOF NANSEN
Byggjeår: 1993
56,8 m
1444 brt.
Eigar: NORAD



LOKALISERING



HAVFORSKINGSINSTITUTTET, TROMSØ

FINLAND

SVERIGE

HAVFORSKINGSINSTITUTTET,
MATRE

NOREG

HAVFORSKINGSINSTITUTTET, BERGEN

HAVFORSKINGSINSTITUTTET,
AUSTEVOLL

HAVFORSKINGSINSTITUTTET,
FLØDEVIGEN

DANMARK

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET
Institute of Marine Research

Nordnesgaten 50 - P.O. Box 1870 Nordnes
NO-5817 Bergen - Norway
Tlf: +47 55 23 85 00 – Faks: +47 55 23 85 31
E-post: post@imr.no

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET TROMSØ

Sykehusveien 23, Postboks 6404
NO-9294 Tromsø - Norway
Tlf: +47 55 23 85 00 – Faks: +47 77 60 97 01

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET FLØDEVIGEN

NO-4817 His - Norway
Tlf: +47 37 05 90 00 – Faks: +47 37 05 90 01

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET AUSTEVOLL

NO-5392 Storebø - Norway
Tlf: +47 55 23 85 00 – Faks: +47 56 18 22 22

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET MATRE

NO-5984 Matredal - Norway
Tlf: +47 55 23 85 00 – Faks: +47 56 36 75 85

REDERIAVDELINGEN

Research Vessels Department
Tlf: +47 55 23 85 00 – Faks: +47 55 23 85 32

INFORMASJONEN

Information
Tlf: +47 55 23 85 00 - Faks: +47 55 23 85 55
E-post: informasjonen@imr.no

www.imr.no

